

## EMNERAPPORT

Emnekode: HEL 310

Semester: Høst 2012

Emnetittel: Vitenskapsteori og  
sentrale helsevitenskapelige tema

Institutt for global helse og samfunnsmed

Godkjent i: PU

Emneansvarleg: Målfrid Råheim

Dato: 180613

### Innleiing

Dette emne har blitt liggande noko i skuggen av det andre og meir arbeidskrevjande emne (HEL 320) i felles studiedel heilt sidan omlegginga med Kvalitetsreforma i 2003. HEL310 er tradisjonelt bygt opp; førelesingar er forma på undervisinga og vurderingsforma er 5-dagar skriftleg heime-eksamen.

Endringar i seinare år: Det har vært lagt noko meir vekt på overgangsproblem knytt til ei rørsle frå vitskapsteori til føringar for forskning, etter innspel frå studentar og faglærarar.

Etter fullført emne skal studentane:

- vise innsikt i ulike vitskapsteoretiske tradisjonar, og med utgangspunkt i desse kritisk kunne analysere og drøfte kunnskapsteoretiske problemstillingar i relasjon til helsefaga
- kunne drøfte forholdet mellom kunnskapsteori og kunnskapsproduksjon og kunnskapsomgrepet sin praktiske dimensjon
- kunne gjøre greie for sentrale helsevitskaplege tema og omgrep, som kroppen i spenningsfeltet mellom natur og kultur, forståing av fenomen helse og sjukdom og dei kunnskapsteoretiske og kulturelle samanheng dei har utspring i
- vise forståing av og innsikt i kjønns- og maktrelasjonar i helsevesenet

### Statistikk

Tal på studentar meldt til vurdering: 44

Tal på studentar møtt: 39

Karakterfordeling:    A: 5                    B: 10                    C: 16                    D: 5                    E: 3                    F:0

## **Samandrag av studentane si evaluering**

10 av 39 studentar svarte, som er ein låg svarprosent (25%). Med så liten svarprosent gir det lite meining å trekke ut særskilte punkter, men heller diskutere kva som skal til for å engasjere studentane til å svare. Det kan likevel nemnast at førelesingane i stort får god omtale av desse tj, likevel er nokre omtala som vel rotete. Fleire ser liten samanheng mellom dette emnet og eige fag, og peiker på at eksamensforma ikkje bygger opp om fordjuping i eit krevjande felt. Dei er ikkje nøgde med kvaliteten på kopisamlinga (litteratur).

## **Emneansvarleg si vurdering**

På ei side har studentane uttrykt over fleire år at førelesingane jamt over er gode til svært gode, men det har og gått igjen at ein liten del av studentane ikkje synes at dei har hatt stort utbyte av emnet. Med ein gjennomgåande lågare svarprosenten på skriftlege evalueringar sett i høve til HEL320, kan ein truleg anta at studentane er mindre engasjerte i dette emnet enn i HEL320. Hausten 2012 var det ekstra låg svarprosent. Det ser ikkje ut til at dei endringane vi har gjort med tanke på synleggjere meir overgang frå vitskapsteori til forskning/eige fag har heilt nådd studentane, i alle fall ikkje til dei som har uttalt seg. Eit inntrykk eg har som emneansvarleg er at studentane vert engasjerte i einskilde tema og førelesingar, men har likevel vanskar med å sjå ein samlande tråd i emnet.

Karakterfordelinga hausten 2012 har for første gong på mange år ingen stryk (F). Elles er fordelinga om lag der den har vært i fleire år, med stor spreiding over skalaen, men med opphopping rundt C.

## **Mål for neste evalueringsperiode – forbetringstiltak**

Året som gjekk har vært via til revisjon av felles studiedel. Eit tydeleg ynskje frå faglærarar så vel som frå studentar er meir integrering mellom emna. I HEL310 vil vi hausten 2013 endre eksamensforma til ei oppgåve studentane skal arbeide med gjennom semesteret. Det aukar mogelegheit for fordjuping. Eit felles seminar knytt til tips og tilbakemeldingar munnleg frå faglærarar er lagt inn i undervisninga. Elles er emnet Kropp, helse og sjukdom i spenningsfeltet mellom naturvitskaplege -, samfunnsvit. – og humanistiske fag blitt den samlande tematikk knytt til sentrale helsevitskaplege tema, med utvida tal på førelesingar. Overgang frå vitskapsteori til helsefag/forsking vert meir tydeleg lyst opp.